

RISIKOANALYSE for verksemda : Vang Kommune

Utarbeidd av: Frank Thune, Thorleif Leine og Torstein Dervola

Dato for gjennomføring: 01.04.2025

Godkjent av: Ingeborg Lunde

Bakgrunn for gjennomføring av analyse:

Utrede risiko ved å gje igangsettingsløyver før prøvedrift av Tyinkrysset reinseanlegg er gjennomført.

Førebuing som er gjort før analyse: Drøftingsmøter, kartlegging og erfaring med tidligare prosjekt.

Relevante kilder og dokument: Omgjering av prøveperiode (Xylem).

Risikomatrise og risikoaksept:

Risikomatrise og risikoaksept nytta i analysa i [kommunen sin overordna retningsliner for risikoanalyser](#). Der går det fram kva sannsynlighetsnivå og konsekvensnivå som er lagt til grunn for analysearbeidet.

Dette følgjer ikkje etatsstruktur , men vurdert risikoprofil knytt til tenesteområda.

Det er nytta risikomatrise for følgjandeområde (kryss av):

<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Område 1: Kultur, kulturskule, næringsutvikling, utviklingsarbeid utover lovpålagt kommunal drift	Område 2: Stab, administrasjon, Planavdeling, byggdrift og vedlikehold	Område 3: Skule, barnehage, reinhald og vatn/avløpshandtering	Område 4: Helse	HMS	Anna: Dersom sannsynlighetsnivåene og konsekvensnivåene i kommunen sin overordna regelverk for risikoanalyser ikkje er vurdert å vera passande/dekkande, skal risikoanalyse innehalde ei skildring av kva sannsynlighetsnivå som er brukt inkludert tidsangivelse, og ei skildring av kva dei ulike konsekvensnivåene som er brukt innebærer. Risikonivået skal uansett ikkje overstige etablert risikoaksept kommentert i denne retningslina.

Gjennomføring

- **Kartlegging:** Det gjennomføres ei kartlegging av kva som kan gå gale, og kva vi allereie gjer for å unngå dette.
- **Handlingsplan:**
 - For identifiserte risikoområder som hamnar på **gult** område under punkt 4 (risiko med dagens tiltak) skal det bli vurdert å iverksette tiltak som kan redusere risiko, ut i frå ei kost-/nyttevurdering. Dette med føremål om å redusere risiko til grønt nivå.
 - For identifiserte risikoområder som hamnar på **raudt** område under punkt 4 (risiko med dagens tiltak), skal det bli iverksett tiltak som reduserer risiko, og at risiko reduseres til grønt eller gult nivå.
- Tiltak som skal bidra til å redusere risiko, blir innarbeidd i handlingsplanen, kor ansvar og tidsfrister går fram. Resultat av kartlegging og handlingsplan bør bli presentert for alle tilsette, dersom desse ikkje har delteke.

Risikovurdering :

1. S = sannsynleg
 2. K = konsekvens
 3. R = risikoaksept
- 1 – Svært låg sannsynlighet
- 2 – Låg sannsynlighet
- 3 – Middels sannsynlighet
- 4 – Høg sannsynlighet
- 5 – Svært høg sannsynlighet

Kartlegging:

1. Kva kan gå gale		2. Kor gale kan det gå			3. Kva har vi gjort/gjer vi for å unngå at det går gale?	4. Er det vi gjer i dag nok?		
Risiko nr.	Identifisert risiko	Risiko utan noen tiltak			Etablerte tiltak for å redusere risiko	Risiko med dagens tiltak		
		S	K	R		S	K	R
1	Renseanlegget har feil eller mangler ved igangsetting	3	3	9	Det er avtalt forlenga prøveperiode som går fram til 31.12.25. Slutfakturering vil bli gjort etter prøveperioden er ferdig.	3	2	6
2	Renseanlegget har ikkje kapasitet til å håndtere nye abonnenter (Følgje risiko av nr 1)	3	1	3	Kartlegging av potensielle nye abonnenter i prøve perioden.	1	1	1

Handlingsplan:

Risiko nr.	5. Oppfølging			6. Risiko etter nye tiltak		
	Nye eller endra tiltak som reduserer risiko til akseptabelt nivå					
	Hva	Ansvarlig	Frist	S	K	R
1	Auka oppfølging av driftsovervåkning/ driftsoperatørane i oppstart fasen	Torstein Dervola		2	2	4
2						

Bakgrunn for analysen:

I forbindelse med utviding av Tyinkrysset reinseanlegg er det bedt om ei vurdering av risikoen ved å gje igangsettingsløyver til tiltak før prøveperioden er gjennomført.

Det er per i dag kartlagt eit fåtall av potensielle søknader om tiltak innafor reinseområdet, kommunen er kjent med at det vil komme søknad om 2stk tilbygg, 1stk anneks, 4stk fritidsbustadar, 1stk einestad og 2stk bruksendringer. Det er per i dag ca 900 einingar som er tilknytt Tyinkrysset reinseanlegg, potensielle nye tilkoblingar som er kartlagt vil derfor utgjera ei auke på ca 0,10%.

Igangkjøring av reinseanlegget er bestemt at skal starte innan 1.juni, dette er i ein periode med låg belastning som gjer at konsekvensane ved eventuelle feil vil vera vesentleg lågare enn i høgsesongen.

Om ein opnar opp for IG frå 1.Juni vil tiltakshavare ha ei byggetid på mellom 4-12mnd avhengig av tiltakets omfang, ein kan derfor regne med at utslepp frå nye abonnentar tidlegast vil komme i september 2025.

Anlegget har då vore i drift ca 4mnd før utslepp frå desse tiltaka vil starte. Dette gjev god forsigbarheit med tanke på eventuelle feil på anlegget i starten av prøveperiode som vil pågå i tidsrommet 1.juni og til 31.desember.

Erfaringar som er gjort tidligare med leverandørane i prosjektet gjev også ein trygghet som ein meina er viktig for vurdering av sannsynlegheita for at eventuelle feil skal oppstå og retting av feil eller manglar blir fulgt opp raskt.

Styresystem blir levert av Normatic som er ein solid og ledene leverandør på dette området, dei har vist til gode resultater i tidligare prosjekt for kommunen. Til dømes Ryfoss vassverk/reinseanlegg/tyinkrysset vannverk og Grøvtølen høgdebasseng samt fleire mindre prosjekt.

Anlegget blir levert av Xylem, dei har ikkje hatt tidligare prosjekter i kommunen, men har vist til godt samarbeid og resultater i dette prosjektet samt det nye høgdebassenget som er ferdigstilt nå.

Dei har inngått avtale om forlenget prøvedrift som går fram til 31.12.25, dette gjer at ein får ei prøvedrift periode som er 4 månader lenger enn fyst avtala. Dette gjeve ei god sikkerheit for kommunen ved at ein får med seg ei høgdetid i slutfasen av prøve perioden samt at sluttoppgjerdet ikkje blir utbetalt før prøveperioda er fullført.

Konklusjon:

Det kjem fram av vurderingane som er gjort at det ikkje er risiko av betydning ved å gje IG tiltatelse frå 1.juni